

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 21.06.18

Vår ref. 607/18/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Statens vegvesen (ref. 17/230222)

Lindås kommune

E-mail

LINDÅS, E39 VIKANE – EIKANGERVÅG – DETALJREGULERING.

Viser til brev mottatt 15.05.18, med vedlegg, frå Rambøll vedkomande ovannemnde sak.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

«Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Vikane-Eikangervåg

Ein viser til reguleringsområdet som delvis går ut i sjø både i Eikangervågen og ved Vikane.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert kaste- og låssettingsplass ved Vikane.

Planteikninga viser ikkje eksakt går veien er tenkt. Ein meiner at ein i utgangspunktet bør unngå å fylla stein i sjø så langt det lar seg gjera, spesielt i området der det er registrert område for fiske.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Med helsing

Fiskarlaget Vest




Britt Sæle Ingebø

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet region Vest



FISKERIDIREKTORATET

Elektronisk kart




Fiskeriforhold	
	Fiskegrunnet
	Arbeidsområde
	Privat kai
	Ukjent kai
	Slipp/verktøed
	Bunkingsanlegg
	Nattstær
	Mottaksanlegg - aktiv
	Mottaksanlegg - nedlagt
	Offentlig kai
	Sjøfartsskiltet
	Sjøfartsskiltet
	Rebott - aktive redskap
	Fiskeplase - aktive redskap
	Fiskeplase - passive redskap
	Fiskeplase - aktive redskap
	Fiskeplase - aktive redskap
	Oppvekt - bestemmelse
	Øytemråde
	Øyfelt torak MB
	Øyfelt torak MB
	Løsefiskeplase
	Løsefiskeplase
	Algegrønner
	Øytemråde
	Øytemråde
	Øytemråde

Varsel om oppstart. Detaljregulering E39 Vikane – Eikangervåg

Statens vegvesen Region vest varslar med medhald i plan- og bygningslova, § 12-8, oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for «E39 Vikane – Eikangervåg». Prosjektet inngår som eitt av prosjekta i Nordhordlandspakken.

Planen vil omfatte utbetring av veg og etablering av tilbod for gåande og syklende langs vegen. Busslommer og planfri kryssing inngår også.



Merknader eller andre opplysningar til planarbeidet skal vera skriftlege og sendast til:
Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger,
eller per e-post til firmapost-vest@vegvesen.no.

Merk brevet med plannamn *E39 Vikane – Eikangervåg* og saksnummer 17/230222.
Merknadsfrist er sett til 26.06.2018.

Det vert invitert til folkemøte om planarbeidet tysdag 22. mai 2018, kl. 17:00-19:00, på Eikanger skule.

Ved spørsmål kan ein ta kontakt med Statens vegvesen v/Hege Løtveit, på telefon 55 51 64 04 eller per e-post til hege.lotveit@vegvesen.no.

Meir informasjon er tilgjengeleg på www.vegvesen.no/vegprosjekter.